

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 18/1476-4

Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2017 - Rapport

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:
Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Rapport etter gjennomgang av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2017 vert teken til etterretning.

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Vedlegg:

- Rapport etter gjennomført kontroll av møtebøkene 2017
- Fråsegn frå fylkesrådmannen til rapporten etter kontroll av møtebøkene 2017

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet legg årleg fram ei sak til fylkestinget om desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala.

Handsaming av saka er basert på ein stikkprøvekontroll av møtebøker og saker som er protokollert med sikte på å få gjennomført kontroll av:

- om vedtaket i den enkelte sak er gjort av eit organ med fullmakt til å gjere slikt vedtak
- om vedtaket er i samsvar med norsk lov, eventuelle andre relevante regelverk
- om vedtaket er i samsvar med budsjettvedtak, formål og om det er innanfor rammene av vedtak i fylkestinget

Føremålet med prosjektet er gjennomføring av ein stikkprøvekontroll av møtebøker og saker som er protokollert for fylkesutvalet og hovudutvala i tidsperioden 1.1.2017 – 31.12.2017.

Stikkprøvekontrollen er gjennomført av Deloitte AS, som også har utarbeidd rapporten som er vedlagt saka.

2. Vurderingar og konsekvensar

Deloitte har gjennomført kontroll av 12 vedtak fatta av fylkesutvalet og dei tre hovudutvala. Det vert vist til vedlagt rapport frå revisor. Deloitte har kommentert fire vedtak, eller deler av vedtak.

Hovudutval for næring og kultur, vedtak i sak 16/17, punkt 1.

Det går fram av rapporten frå revisor at hovudutvalet vedtok tildeling av midlar til kommunalt næringsfond i Balestrand kommune trass i at kommunen har inntekter frå konsesjonsavgifter som

overstig grensa på 2 mill. kroner. Revisor skriv vidare at det blir opplyst i saksutgreiinga at tildelinga bryt med retningslinene i og med at kommunen har passert grensa med 19 000 kroner. Fylkesdirektøren meiner det vil vere urimeleg dersom Balestrand, som så vidt er over grensa, ikkje får tilskot når differansen opp til næraste kommune er over 3 mill. kroner. Hovudutvalet for næring og kultur kan årleg endre retningslinene for tildeling av midlar til kommunale næringsfond, men endringane vil ikkje ha verknad før året etter at endringane er vedtekne.

Det går fram av fråsegna til fylkesrådmannen at det vil bli lagt fram forslag til endring av retningslinene for hovudutvalet for næring og kultur, slik at retningslinene i større grad skal kunne opne for bruk av skjøn.

Hovudutval for næring og kultur, vedtak i sak 16/17, punkt 7 og vedtak i sak 29/17, punkt 2

Begge desse vedtaka gjeld delegeringsvedtak. Revisor skriv at når det gjeld mynde til å fatte vedtak i enkeltsaker, eller i saker som ikkje er av prinsipiell betydning, skal desse delegerast til fylkesrådmannen etter kommunelova. I delegeringsreglementet og i retningslinene for hovudutval for næring og kultur står det også at all delegering frå politiske utval til administrasjonen skal skje til fylkesrådmannen.

Hovudutvalet har i begge sakene delegert fullmakt til fylkesdirektøren, og ikkje til fylkesrådmannen. Deloitte vurderer at delegeringa i begge desse sakene er i samsvar med lov, delegeringsreglement og retningsliner då det kan reknast som påbod om å gjennomføre tiltak, og dermed ikkje delegering av mynde i snever forstand.

Fylkesrådmannen er i tvil om det vert rett å rekne fullmaktene som påbod og legg uansett til grunn at fullmaktene skulle vore delegert til fylkesrådmannen.

Hovudutval for næring og kultur, vedtak i sak 24/17.

Saka gjeld vedtak om framtidige kostnader for fylkeskommunen ved å vedta ei forlenging av avtalen med Bergen Filharmoniske Orkester til og med 2019, utan at dette er sett i samanheng med budsjettvedtak. Revisor meiner at vedtaket burde vore formulert slik at det eksplisitt går fram at det er avhengig av framtidig budsjettvedtak. Fylkesrådmannen er samd i merknaden frå revisor.

3. Konklusjon

Revisor peikar på at tildeling av midlar til kommunalt næringsfond i Balestrand kommune medfører avvik frå hovudutvalet sine egne retningsliner, men i eit lite omfang. Fylkesrådmannen skriv i si fråsegn at det vil bli lagt fram forslag til ending av retningslinene for tildeling av midlar til kommunale næringsfond.

Vedtaket om forlenging av avtalen med Bergen Filharmoniske Orkester burde, etter revisor si vurdering, vore formulert slik at det eksplisitt går fram at det er avhengig av framtidig budsjettvedtak. Fylkesrådmannen er samd i merknaden frå revisor.

Revisor har kommentert to vedtak som gjeld delegering der hovudutvalet har delegert fullmakt til fylkesdirektør, og ikkje til fylkesrådmann slik det er formulert i lov, delegeringsreglement og retningsliner. Revisor vurderer begge delegeringsvedtaka å vere i samsvar med delegeringsreglementet då fullmakta er å rekne som påbod og ikkje som delegering av mynde i snever forstand. Fylkesrådmannen er i tvil om fullmaktene som her er delegert er å rekne som påbod, og legg til grunn at fullmaktene skulle vore delegert til fylkesrådmannen.